Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

I

2701 LINGVISTIKK

02.12.05

Tid:	3 timer/3 timar
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetal:	5 med forsida
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Svar på alle spørsmåla. Rutepapir deles ut, i tillegg til linjert papir.
Vedlegg:	Ingen

Avdeling for allmennvitenskaplige fag

Spørsmål 1: SEMANTIKK

Påvis og forklar semantiske relasjoner mellom de uthevede ordene i setningene nedenfor:

(a) Turneren **viser** en salto.

(b) Erik Bye laget mange **viser**.

(c) Ballettdanseren **demonstrerer** en piruett.

(d) Jeg liker best **kjærlighetsviser**.

(e) Det er ikke morsomt med halvkvedede **viser**.

Spørsmål 2: MORFOLOGI

a. Hva er forskjellen på **avledningsformativer** og **bøyningsformativer**?

b. Vis den hierarkiske morfologiske oppbygginga til ordene *utvilsom* og *framgangen*. Bruk den nødvendige fagterminologien.

c. Nevn grammatiske kategorier som kan knyttes til ordklassen substantiv.

Spørsmål 3: SYNTAKS

a. Gi en syntaktisk analyse av setningen nedenfor.

Plutselig spurte Lise læreren om poenget var å finne rett svar på oppgaven.

b. Hvilke egenskaper skiller et **predikativ** fra et **objekt**? Hva er forskjellen på **subjektspredikativ** og **objektspredikativ**? Gi eksempler!

Spørsmål 4: FONETIKK OG FONOLOGI

a. Gjør greie for termene **trykk** og **aksent**. Bruk ordet **objektspredikativ** som eksempel.

b. Hvilke endringer får vi dersom vi i de følgende orda skifter ut:

1. **fremre, leppespredning** med **bakre, lepperunding** i ordet *rett* [ɾet]
2. **alveolar, frikativ** med **palatal, plosiv** i *Lise* [ˈliːse]

Skriv de nye orda både med vanlig ortografi og i fonetisk transkripsjon.

5. ***Svar på både* A *og* B *nedenfor!***

A. DIAKRON LINGVISTIKK

Preteritum av verbet *skjære* heter fra gammelt av *skar* i norsk, men ofte høres også formen *skjærte*. Gjør greie for den typen språkendring som gjør seg gjeldende når *skjærte* erstatter *skar*.

B. SOSIOLINGVISTIKK

Svar på ***ett*** av spørsmålene nedenfor, *enten* **a** *eller* **b**.

a. I tillegg til selve *ytringen* består en **språkhandling** av *hensikten* den som snakker har med det som sies og mottakers *respons* på ytringen.
Gi to (eller flere) alternative hensikter og to (eller flere) mulige responser i en språkhandlingssituasjon der ytringen er "Har du lest avisen?"

b. Hva er et **pidgin**-språk, og hvilke egenskaper er typiske for alle pidgin-språk?

Spørsmål 1: SEMANTIKK

Påvis og forklar semantiske relasjonar mellom dei utheva orda i setningane nedanfor:

(a) Turnaren **viser** ein salto.

(b) Erik Bye laga mange **viser**.

(c) Ballettdanseren **demonstrerer** ein piruett.

(d) Eg likar best **kjærleiksviser**.

(e) Det er ikkje morosamt med halvkvedne **viser**.

Spørsmål 2: MORFOLOGI

a. Kva er skilnaden på **avleiingsformativar** og **bøyingsformativar**?

b. Vis den hierarkiske morfologiske oppbygginga til orda *utvilsam* og *framgangen*. Bruk den nødvendige fagterminologien.

c. Nemn grammatiske kategoriar som kan knyttast til ordklassen substantiv.

Spørsmål 3: SYNTAKS

a. Gje ein syntaktisk analyse av setninga nedanfor.

Plutselig spurte Lise læreren om poenget var å finne rett svar på oppgaven.

b. Kva for eigenskapar skil eit **predikativ** frå eit **objekt**? Kva er skilnaden på **subjektspredikativ** og **objektspredikativ**? Gje døme!

Spørsmål 4: FONETIKK OG FONOLOGI

a. Gjer greie for termane **trykk** og **aksent**. Bruk ordet **objektspredikativ** som døme.

b. Kva for endringar får vi dersom vi i dei følgjande orda skifter ut:

1. **fremre, leppespreiing** med **bakre, lepperunding** i ordet *rett* [ret]
2. **alveolar, frikativ** med **palatal, plosiv** i *Lise* [ˈli:se]

Skriv dei nye orda både med vanleg ortografi og i fonetisk transkripsjon.

5. ***Svar på både* A *og* B *nedanfor!***

A. DIAKRON LINGVISTIKK

Preteritum av verbet *skjære* heiter frå gammalt av *skar* i norsk, men ofte høyrest også forma *skjærte*. Gjer greie for den typen språkendring som gjer seg gjeldande når *skjærte* erstattar *skar*.

B. SOSIOLINGVISTIKK

Svar på ***eitt*** av spørsmåla nedanfor, *anten* **a** *eller* **b**.

b. I tillegg til sjølve *ytringa* består ei **språkhandling** av *formålet* den som snakkar har med det som vert sagt og mottakaren sin *respons* på ytringa.
Gje to (eller fleire) alternative formål og to (eller fleire) moglege responsar i ei språkhandlingssituasjon der ytringa er "Har du lest avisa?"

b. Kva er eit **pidgin**-språk, og kva for eigenskapar er typiske for alle pidgin-språk?